



# ØKONOMI OG KARRIEREVAL

## FOR 9. TRINN

Økonomi og karriereval er eit undervisningsopplegg som gir rettleiing i utdanning og karriereval som igjen vert knytta til personleg økonomi. Opplegget er godt eigna til bruk i utdanningsval, men dekkjer og læreplanmål i norsk, matematikk og samfunnsfag.

Økonomi og karriereval går over 4 økter på ca. 90 minuttar. Opplegget er basert på at ein ekstern rettleiar frå Sparebanken Vest gjennomfører den tredje økta. Lærar er til stades og bistår etter behov.

### **Materiellet består av:**

- . Rettleiarhefte for representanten frå SPV og lærar
- . Elevhefte
- . Yrkesplakat, livsstilsplakatar, yrkeskort etc. for å konkretisera kvart tema

Heile undervisningsopplegget er basert på elevaktivitet, diskusjon og refleksjon.

### 1. ØKT:

#### **Speil, speil på veggen der**

Elevane får trening i gjera eigne val. Hensikten er å auka sjølvinnssikten deira ved at dei vert bevisstgjort på eigen kunnskap og eigne ferdigheitar og haldningar. Dei skal også få ei forståing av mangfaldet i arbeidslivet samtidig som dei reflekterer over mogelege eigne val knytta til utdanning, karriere og livskvalitet. Elevane reflekterer over "no"-situasjonen og lagar ei detaljert scenarioteikning av korleis dei ser for seg livet sitt som voksen.



2. ØKT:

**Det er du som bestemmer**

Elevane vert sett inn i korleis dei kan gjera reflekerte val. Dei jobbar med beslutningsprosessar knytta til både utdanning/ karriereval og til val som har med personleg økonomi å gjera.

Elevane vert aktivisert gjennom å få tildelt eit yrkeskort der dei har ei inntekt å forhalde seg til. Dei skal setja opp eit budsjett der dei må bestemma seg for korleis dei vil prioritera mellom nødvendige utgifter og ting dei ynskjer.

3. ØKT:

**Ei krone spart, er ei krone tjent**

Elevane skal i denne økta få forståelse for viktigheten av å ha ein ryddig økonomi. Rettleiar frå Sparebanken Vest kjem inn på sparing og gode spareprodukt. Her vert det snakka om lommepengar og «lommetjuvar» (ting ein kjøper som ein kunne klart seg uten) og elevane får sjå spareksempel knytta til dette. Dei får vita forskjellen på ulike bankkontoar og ein tar for seg kortbruk. Vidare skal elevane vita noko om konsekvensane av å pådra seg gjeld, og kunna rekna ut kva ein reelt må betala tilbake når ein lånar pengar.

4. ØKT:

**Tek du sjansen?**

Elevane reflekterer over at livet blant anna handlar om å forhalda seg til risiko, og at forsikring hjelper til å redusera økonomiske konsekvensar hvis ulykka skulle vera ute. Dei blir og kjende med ulike typar forsikring og korleis dei sjølv kan redusera risikoen for skade og uhell ved å endra atferd. Det vert sett fokus på konsekvensane av forsikringssvindel og elevane skal lage ein kampanje som hindrar unge i å bli frista til forsikringssvindel.